



/// Finans- og gjeldsrapport

1. tertial 2021

Innhold

1	Innleiing og heimel	3
2	Generell marknadsvurdering	3
2.1	Norsk og internasjonal økonomi	3
2.2	Renteutvikling	3
3	Midlar til driftsføremål	5
3.1	Renteinntekter - driftskonto	5
3.2	Vurdering av likviditet	5
3.3	Investeringsrekneskapet og likviditet	5
4	Midlar til langsiktig forvaltning	6
4.1	Porteføljefordeling	6
4.2	Bufferfond	7
4.3	Langsiktige midlar nytta til forskottering og utlån til andre.....	7
5	Gjeldsforvaltning.....	7
5.1	Status gjeldsportefølje	7
5.2	Renteutgifter i 2021	8
5.3	Avdragsutgifter i 2021.....	8
5.4	Garantiansvar	8
6	Vedlegg: Gjeldsporteføljen per lån	9

1 Innleiing og heimele

Finansforvaltninga i kommunen skal utførast i samsvar med kommunelova §14-13 til og med §14-19. Vidare er med det med verknad frå 01.01.2020 kome endringar i forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar. §8 i nemnte forskrift gjev retningslinjer for kva rapporten minimum skal innehalde og dette kravet er vidare innarbeida i kommunen sitt finansreglement. I samsvar med ny kommunelov og forskrift vedtok kommunestyret 13.02.2020 «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Sogndal kommune».


Rapporten er bygt opp slik at ein kan etterprøve dei retningslinjer og avgrensingar som er gitt i forskrift og kommunen sitt eige reglement. Rapporten skal vise korleis kommunen sine finansielle midlar (aktiva) og gjeld (passiva) har endra seg gjennom perioden. Rapport for 1. tertial 2021 rapporterer for perioden frå 01.01.2021 til 30.04.2021.

2 Generell marknadsvurdering

2.1 Norsk og internasjonal økonomi

I Pengepolitisk Rapport 1/2021 rapporterer Norges Bank¹ at norsk økonomi henta seg inn mot slutten av fjoråret, etter at koronapandemien utløyste et kraftig fall i aktiviteten i fjor vår. For 2021 set Norges Bank ein BNP-vekst på 3,8 prosent for Fastlands-Norge, men fjorårets økonomiske tilbakeslag er framleis ikkje henta inn igjen, jf. figuren under. Knytt til internasjonale forhold skriv Norges Bank at «BNP hos handelspartnerne anslås å være tilbake på nivået fra før virusutbruddet i løpet av høsten 2021. Markedsprisingen indikerer forventninger om svært lave renter hos handelspartnerne en god stund fremover».

Figur 3.2 Utsikter til at veksten tiltar i andre halvår
BNP for Fastlands-Norge. Sesongjustert. Indeks. 4. kv. 2018 = 100



Kilder: Statistisk sentralbyrå og Norges Bank

2.2 Renteutvikling

Styringsrenta er Norges Bank sitt viktigaste verkemiddel for å stabilisere prisveksten og utvikling i norsk økonomi. Styringsrenta i Norge er renta som bankane får på innskot i Norges Bank opp til eit fastsett beløp – ein kvote. Styringsrenta og forventningane om den framtidige utviklinga i styringsrenta, påverkar i fyrste rekke renta mellom bankar og rentenivået bankar tilbyr på innskot og utlån til sine kundar. Ved inngangen til 2020 låg styringsrenta på 1,5 prosent, men etter tre rentenedsetjingar i perioden frå 13. mars til 7. mai blei styringsrenta sett til null prosent. Dette rentenivået er framleis gjeldande.


¹ <https://www.norges-bank.no/contentassets/6f148f296f154705a0d845839e638351/pengepolitisk-rapport-1-21.pdf?v=03/18/2021154937&ft=.pdf>

Endring i styringsrenta	Endring	Ny styringsrenta
23.01.2020	Ingen endring	1,50 %
13.03. 2020	- 0,50 %-p.	1,00 %
20.03.2020	- 0,75 %-p.	0,25 %
07.05.2020	- 0,25 %-p.	0,00 %

Det er stor uvisse knytt til vidare utvikling i økonomien. Norges Bank skriv at rentenivået er sett til dagens nivå for å støtte opp under vidare vekst i produksjon og sysselsetting. I Norges Bank si prognose for styringsrenta aukar renta gradvis frå andre halvår i 2021. Siste prognose inneber ei oppjustering av rentebana sidan førre rapport, men rentebana vil framleis bidra til vidare vekst i produksjon og sysselsetting (ekspansiv pengepolitikk).

Figur 4.5 Litt høyere rentebane, men fortsatt ekspansiv pengepolitikk

Prosent



Kilder: Statistisk sentralbyrå og Norges Bank

For Sogndal kommune er 3 måneders NIBOR-rente vesentleg sidan majoriteten av lån er knytt til denne renta. 3 måneders NIBOR er den mest nytta referanserenta for flytande rente i Norge. Dette er ei flytande rente som varer i 3 månader av gangen. Lån tilknytt NIBOR har normalt i tillegg et marginpåslag frå banken. Endringar i NIBOR vil relativt raskt påverke rentekostnaden for lån med flytande rente.

3- måneders NIBOR gjennom 2020 og hittil i 2021:

Tidspunkt	Rente
28.02.2020	1,72%
27.04.2020	0,58%
29.06.2020	0,36%
31.08.2020	0,23%
28.10.2020	0,40%
30.12.2020	0,50%
26.02.2021	0,45%
30.04.2021	0,30%

Basert på ferske marknadsdata er det venta at 3 månaders NIBOR skal vere rimeleg stabil nærmaste år, men auke til 0,65 prosent innan årsskiftet og vidare auke jamt til 1,55 prosent innan 1.1.2024. Dette vil påverke Sogndal kommune sine renteutgifter.

3 Midlar til driftsføremål

Formålet med forvaltning er å sikre likviditet til å dekke løpande forpliktingar og god avkastning. Forvaltninga skal ha låg risiko.


3.1 Renteinntekter - driftskonto

Sogndal kommune har Sparebanken Sogn og Fjordane som primære bank. Renteinntekter vert rekna dagleg med utgangspunkt i 3 månaders Nibor-rente² med margin. Marginpåslaget på årleg rente på driftskonto er 0,3 prosent. På innskot med 31 dagars varslingsfrist for uttak er marginpåslaget på årleg rente 0,5 prosent. Renteinntekter kapitaliserast kvartalsvis.

Budsjettet renteinntekt for 2021 er på 1,5 mill. kr og per 30.04.2021 var det bokført 366 000 kr i renteinntekter frå bankinnskot. Det er då berre renteinntekter etter første kvartal som er bokført. Rådmannen legg til grunn at renteinntektene for dei resterande kvartala i 2021 vert på same nivå, med samla renteinntekter på 1,46 mill. kr, tett opp under budsjettet inntekt.

3.2 Vurdering av likviditet

Saldo på driftskonto per 30.04.2020 var 192,9 mill. kr. Likviditeten i 2021 har vore tilstrekkeleg til å dekke løpande utgifter samstundes som ein har hatt ein buffer til å handtere eventuelle uføresette kostnader. Det er til tider store summar som går inn og ut av konto (også innad ein måned) og det er difor behov for ein god buffer på kontoen. Til samanlikning utgjorde fastlønnsutbetalinga i mars 47,6 mill. kr (fellesordning, sjukepleiarar og lærarar, eks pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift). Saldo på driftskonto tilsvar dermed 4 månadlege fastlønnsutbetalingar. Saldo på driftskonto har vore stabil så langt i 2021, jf. figur under.



3.3 Investeringsrekneskapet og likviditet

I vedteke budsjett for 2021 vert vedtekne investeringar finansiert med mellom anna om lag 38,7 mill. kroner i låneopptak. I tillegg kjem investeringar som er overført frå 2020. Desse vil mellom anna vere finansiert av fjorårets låneopptak. Per 30.04 var unytta lånemidlar 136,2 mill. kr. Dette er med å styrkar likviditeten. Kommunen har hatt likviditet til gjennomføring av planlagde investeringar.

Andre forhold som påverkar likviditeten:

² Norwegian Interbank Offered Rate (Nibor) er eit sett med renter som skal gjenspeile kva bankane krev for usikra lån i norske kroner til andre bankar.

1. Premieavvik utgjer om lag 59 mill. kroner. Det inneberer at kommunen har betalt pensjonspremie for 59 mill. kroner som har gått ut av konto, men ikkje kostnadsført i rekneskapan. Kostnadsføring av årets premieavvik (amortisering) skjer over dei 7 kommande år, og ein betalar ein sjudel kvart år. Dette er ei ordning som har stor innverknad på likviditeten i kommunen (og andre kommunar). I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift knytt til premieavvik på 7,3 mill. kroner som også skal kostnadsførast komande år.
2. «Utlån til andre» vert finansiert med driftsmidlar og bør vurderast nøye i høve konsekvensar for likviditeten i kommunen.
3. Midlar knytt frå tidlegare års avsettingar (bruk av fond) vil påverke likviditeten ved bruk.
4. Overføring til investering. Det som vert overført til investering, kan ikkje seinare førast attende til driftsrekneskapan. Enkelte postar som reknast som investeringar kan ikkje lånefinansierast, til dømes eigenkapitalinnskott til KLP. I 2021 er posten venta å utgjere 2,5 mill. kr.

4 Midlar til langsiktig forvaltning

Midlane skal investerast i verdipapirmarknaden med formål om å ivareta realverdien samt over tid å oppnå høgast mogleg avkastning til akseptabel risiko. Forvaltar for porteføljen til Sogndal kommune er DNB Asset Management. DNB vart valt som forvaltar etter anbudsrunde i 2020.

4.1 Porteføljefordeling

1.1.2021 hadde Sogndal kommune 105,2 mill. kroner til forvaltning. Frå 1. januar til utgangen av april auka verdien til 107,2 mill. kroner. Sidan utgangen av februar har porteføljeverdien falt noko, jf. tabell under med månadleg utvikling. Ulike delar av porteføljen har også hatt ulik utvikling. Sidan årsskiftet har verdien av aksjane falt med om lag 3,2 mill. kr medan verdien av obligasjonar har auka med om lag 5,2 mill. kr. Dette etter ei kraftig auke i verdien av aksjane i siste del av 2020. Sidan overføring til DNB Asset Management i midten av 2020 har majoriteten av avkastninga kome på plasseringane i aksjar.

Aktivklasse	31.12.2020	30.04.2021	Endring
Obligasjonar - fond	67 898 619	73 063 595	5 164 976
Aksjar	36 983 329	33 774 441	-3 208 888
Bankkonto	284 227	322 092	37 865
Sum	105 166 175	107 160 128	1 993 953

Fordeling per aktivklasse er som følger:

Aktivklasse	Bokført verdi 31.12.2020	Del av portefølje
Obligasjonar - fond	73 063 595	68,2 %
Aksjar	33 774 441	31,5 %
Bankkonto	322 092	0,3 %
Sum	107 160 128	100,0 %

Det er vedteke i finansreglementet at mellom 60 og 80 prosent av porteføljen skal plasserast i rentemarknaden (det omfattar obligasjonar). 20 til 40 prosent skal investerast i aksjemarknaden. Per 31.12.2020 var 68,2 prosent plassert i rentemarknaden medan 31,5 prosent var plassert i aksjemarknaden. Forvaltninga er dermed i tråd med finans- og gjeldsreglementet. I dei generelle rammene i finansreglementet er det også spesifisert at ikkje meir enn 15 prosent av renteplasseringar skal ha høg kredittrisiko. Også dette kravet er innfridd.

Utgående balanse per måned

	Beløp til forvaltning	Endring	%-vis endring	
Desember 2020	105 166 175			
Januar 2021	106 236 546	1 070 371	1,0 %	
Februar 2021	107 830 061	1 593 515	1,5 %	
Mars 2021	107 635 858	-194 203	-0,2 %	
April 2021	107 160 128	-475 730	-0,4 %	
Avkastning hittil i 2021		1 993 953	1,9 %	

4.2 Bufferfond

I finansreglement for Sogndal kommune er det vedteke at kommunen skal ha bufferfond tilsvarande 50 prosent av verdiane plassert i aksjefond per 31.12 føregående år. Per. 31.12.2020 utgjorde midlar plassert i aksjemarknaden kr. 36,98 mill. kr. Det inneberer at kommunen skal ha bufferfond på minst 18,5 mill. kr. Samla sett har Sogndal kommune avsett midlar på fond som buffer til dette formålet.

4.3 Langsiktige midlar nytta til forskottering og utlån til andre

Ingen endringar sidan førre rapportering

5 Gjeldsforvaltning

5.1 Status gjeldsportefølje

Status lånegjeld: Per 30.04 har Sogndal kommune 1.125 mill. kr i gjeld, derav 110,9 mill. kr som er knytt til startlån i Husbanken. For 2021 har Sogndal kommune lånt 25 mill. kr som skal lånast ut vidare som formidlingslån / startlån etter gitte vilkår. Samla auke knytt til startlån er lågare ettersom nokre eldre lån blei innfridd i første tertial 2021, jf. tekst om avdrag nedanfor.

Utvikling i lånegjeld: For 2021 er det vedteke eit nytt låneopptak på 38,7 mill. kroner. Det er ikkje foreslått endringar frå vedteke låneopptak i tertialrapport 1/21. Samstundes er det vedteke at Sogndal kommune skal betale 42,774 mill. kroner i avdrag på investeringslån. Dette tilsei isolert sett ein reduksjon i gjelda, men dette samla gjeldsnivået påverkast også av Husbank-lån. Avdrag på formidlingslån frå Husbanken anslått til 9,83 mill. kroner medan Sogndal kommune har lånt 25 mill. kr frå Husbanken til nye vidareutlån. Total avdragsbetaling blir dermed 52,6 mill. kroner medan total gjeldsauke blir 63,7 mill. kr. Dette tilseier ein auke samla gjelda for Sogndal kommune på 11,1 mill. kr i 2021, ei auke på 1 prosent. Om brutto driftsutgifter aukar med meir enn 1 prosent vil kommunens gjeldsandel bli noko redusert.

Renterisiko: I finans- og gjeldsrapportering for 3. tertial 2020 vart det utarbeida eit anslag på gjeld med renterisiko. Det er ingen vesentlege endringar sidan dette blei berekna. Anslaget då var at gjeld med renterisiko vart berekna til 499 mill. kroner. Ein enkel stresstest er å berekne korleis utgiftene påverkast ved 1 prosent auke i renta (på gjeld med renterisiko). Då aukar kostnadane med 5 mill. kroner per år.

Rentebindingstid: I finans- og gjeldsreglementet til Sogndal kommune er det vedteke at rentebindingstid skal vere mellom 0 og 3 år. Nemnte vedtak er knytt Sogndal kommune si samla gjeldsportefølje. I praksis inneberer dette at ein heile gjeldsporteføljen kan vere knytt til flytande rente, men at det er sett eit tak på kor stor del av gjeldsporteføljen som kan vere knytt til ei fast

rente. Gjennomsnittleg rentebinding for Sogndal kommune er på 1,36 år. Kravet i finans- og gjeldsreglementet er dermed oppfylt.

Refinansieringsrisiko: For å redusere refinansieringsrisiko er det også eit poeng å ikkje ha for store enkeltlån. I finans- og gjeldsreglementet er det vedteke at ingen enkeltlån skal overstige 20 prosent av samla gjeld. Det største enkeltlånet til Sogndal kommune er på 122 mill. kroner, dvs. 10,9 prosent av samla gjeld. Dette kravet er dermed innfridd. Ei tilleggsvurdering knytt til refinansieringsrisiko er del av gjelda som forfell innan 12 månader. Om ein stor del av gjelda forfell samstundes kan dette vere krevjande om det på refinansieringstidspunkt om det er uro i finansmarknaden. Per 30.04 er del gjeld som forfell innan 12 månader på 8,9 prosent. Etter rådmannen si vurdering er refinansieringsrisikoen på eit forsvarleg nivå. I revideringa av finansreglementet, som vert lagt fram for kommunestyret i juni 2021, er det tilrådd at gjeld som forfell innan 12 månader ikkje skal overstige 30 prosent.

5.2 Renteutgifter i 2021

For 2021 vart renteutgifter budsjettert til 12,369 mill. kr (eks startlån) i økonomiplanen. Grunna ytterlegare fall i NIBOR-renta (den flytande renta som majoriteten av kommunens lån er knytt til) hittil i år og noko lågare rentekurve inneverande år er renteutgiftene venta å bli redusert med 961 000 kroner i 2021, samanlikna med budsjett, til 11,408 mill. kr. Budsjettet for renteinntekter og -utgifter for formidlingslån blir helde uendra.

5.3 Avdragsutgifter i 2021

Avdrag skal betalast i samsvar med kommunelova §14-18; Det skal minimum betalast årleg avdrag på lånegjeld som er lånt opp etter §14-15 og §14-16. Krav til minimumsavdrag avheng av avskrivningar og lånegjeld og for 2021 er minimumsavdraget berekna til 39,3 mill. kr. Hittil i 2021 er det betalt 5,074 mill. kr i avdrag på investeringslån. I budsjett 2021 er det budsjettert med nesten 42,8 mill. kr i avdrag. Dette er stort nok i høve krava til minimumsavdrag i kommunelova. Det forfell lån for 48,4 mill. kr i 2021, inkl. eit lån på 38,3 mill. kr som skal refinansierast i september. For å oppnå avdragsbetaling i tråd med budsjettet er det hensiktsmessig å sjå refinansiering og avdragsbetaling i samanheng. Refinansiering vil også bli samordna med nytt låneopptak i 2021.

	Rekneskap per 30.04	Budsjett
Avdrag på investeringslån	5 074 050	42 774 000
Avdrag formidlingslån	8 683 891	2 260 000

Avdrag knytt til formidlingslån blir i hovudsak finansiert av innbetalingar frå dei som midlane er lånt vidare til. I år er utbetalinga frå Sogndal kommune til Husbanken høgare enn budsjettert med 8,68 mill. kroner. Sogndal kommune har eit fond for formidlingslån der differansen mellom avdrag som kommunen betalar på sine innlån og avdrag på utlåna blir sett inn. På grunn av at både Sogndal og Balestrand hadde midlar på fond frå før samanslåinga og store ekstraordinære innbetalingar på avdrag i 2020 var fondet på 8,9 mill. kroner. Jf. kommunelova § 14-17 må dette nyttast til å enten betale ned på låna som kommunen har i Husbanken eller redusere nytt låneopptak tilsvarande. I første tertial innfridde Sogndal kommune difor gamle lån med ein verdi på 8,2 mill. kr. Ny prognose for avdrag på formidlingslån i 2021 er 9,83 mill. kroner.

5.4 Garantiansvar

Ingen endringar sidan rapportering finans- og gjeldsrapport for 3. tertialrapport (årsmelding)

6 Vedlegg: Gjeldsporteføljen per lån

Lån til egne investeringar

Eksterne lån	Bokført verdi 30.04	Løpetid, år	Vekta rente, %, 30.04	Lånetype	Refinansiering (avdragsfrie lån)
Swedbank- obligasjonslån	70 000 000	3	0,79	Flytande, NIBOR3M	22.05.2023
KLP-Kommunekreditt	92 841 250	25	2,2	Fastrente	
KLP-Kommunekreditt	2 288 000	22	1,03	Flytande, NIBOR3M	
KLP-Kommunekreditt	61 502 050	28	2,06	Fastrente	
KLP-Kommunekreditt	103 108 544	26	0,95	Flytande, egendef.	
Kommunalbanken	50 000 000	1,25	0,73	Flytande, NIBOR3M	16.03.2022
Kommunalbanken	8 225 810	26	1,93	Fastrente	
Kommunalbanken	38 300 000	0,75	0,58	Flytande, NIBOR6M	15.09.2021
Kommunalbanken	42 500 000	4	0,85	Flytande, NIBOR3M	20.03.2024
Kommunalbanken	95 733 810	30	1,01	Flytande, NIBOR3M	23.06.2051
Kommunalbanken	105 854 200	24	0,95	Flytande, p.t.	29.09.2044
Kommunalbanken	104 301 020	16	0,95	Flytande, p.t.	20.03.2037
Kommunalbanken	117 653 950	18	0,95	Flytande, p.t.	29.03.2039
Kommunalbanken	122 000 000	5	0,79	Flytande, NIBOR3M	17.09.2025
Husbanken	611 232	5	0,82	Flytande	
	1 014 919 866	16	1,16		

Lån til videre utlån

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid, år	Rente 31.12	Lånetype
Husbanken startlån	1 095 585	13	0,82	Flytande
Husbanken startlån	1 956 423	21	0,82	Flytande
Husbanken startlån	4 064 410	22	0,82	Flytande
Husbanken startlån	2 000 000	22	0,82	Flytande
Husbanken startlån	4 663 999	13	0,82	Flytande
Husbanken startlån	1 168 500	18	0,82	Flytande
Husbanken startlån	6 632 334	24	0,82	Flytande
Husbanken startlån	2 087 237	24	0,82	Flytande
Husbanken startlån	975 000	19	0,82	Flytande
Husbanken startlån	1 000 000	20	0,82	Flytande
Husbanken startlån	4 390 277	13	0,82	Flytande
Husbanken startlån	860 000	21	0,82	Flytande
Husbanken startlån	12 000 000	27	0,82	Flytande
Husbanken startlån	12 000 000	22	0,82	Flytande
Husbanken startlån	1 000 000	22	0,82	Flytande

Husbanken startlån	10 000 000	28	0,82	Flytande
Husbanken startlån	15 000 000	29	0,82	Flytande
Husbanken startlån	5 000 000	29	0,82	Flytande
Husbanken startlån	25 000 000	30	0,82	Flytande
	110 893 765	20	0,82	